



Arkivnr: 2016/34613-5

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

Fråsegn til søknad frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om ruteløyve for strekninga Bergen - Lillehammer

Samandrag

Fylkeskommunen har fått på høyring søknad frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap om vidareføring av ruteløyve for strekninga Bergen – Lillehammer. Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saka til Oppland fylkeskommune, som skal avgjere søknaden. Fylkesrådmannen finn at det bør setjast visse vilkår for eit slikt ruteløyve, men er elles positiv til søknaden.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til at søknad av 17.11.16 frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap, om ruteløyve for strekninga Bergen – Lillehammer vert imøtekomen. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett følgjande vilkår for ruteløyvet:
 - a) Ruteløyvet gjeld ikkje for lokaltransport på strekninga Bergen – Indre Arna.
 - b) Nye bussar som vert anskaffa og nytta i rutedrifta skal ha Euro VI-motor. Materiell som seinare vert kjøpt inn til rutedrifta skal oppfylle den til ei kvar tid gjeldande avgasstandard.
 - c) Hordaland fylkeskommune vert gjeve fullmakt til å gje pålegg om kva trasé og haldeplassar ruta skal nytte i Hordaland.
 - d) Takstregulativet skal ha rabattordningar for studentar, tenestepliktige, barn og honnør.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.03.2017

Bakgrunn

Fylkeskommunen har i brev av 28.11.16 frå Oppland fylkeskommune (OFK) fått på høyring søknad av 17.11.16 frå AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap (JVB), om ruteløyve.

OFK er løyvestyresmakt fordi JVB har hovudkontor i Oppland og deler av transporten skal utførast der.

Fylkesutvalet har fullmakt til å på fritt grunnlag gje fråsegn til søknader om bussruter som går gjennom to eller fleire fylker.

Om søknaden

Traseen JVB søker om ruteløyve for er Bergen – Åsane – Dale – Voss – Gudvangen – Lærdalstunnelen – Tyin – Fagernes – Gjøvik – Lillehammer. JVB har sidan 1990, i samarbeid med Nettbuss AS, drive rute langs nesten same strekning under namnet Øst-Vest Xpressen. Ei vidareføring av tilbodet føreset at OFK vedtek å tildele det omsøkte ruteløyvet.

Det går Skyssruter på heile Hordalandsdelen av den aktuelle traseen. Desse har høg frekvens på strekninga Bergen – Åsane – Arna. Det er årelang praksis å skjerme inntektsgrunnlaget for kryssubsidieringssystemet, og JVB legg opp til å ikkje utføre lokaltransport på nemnde delstrekning.

Det omsøkte ruteopplegget har 1 tur kvar veg kvar dag.

Det er lagt opp til eit fast takstregulativ med fallande takst per kilometer reise. Regulativet inneheld ingen rabattordningar.

Fylkesrådmannen si vurdering

Den aktuelle ruta syr saman eit elles fragmentert kollektivtransporttilbod langs den aktuelle traseen. Ruta bidreg til å auke kollektivtransporten si konkurransekraft på strekninga. Transporttilbodet er godt etablert hjå publikum. Det råkar ikkje noverande inntektsgrunnlag for kryssubsidieringssystemet. Fylkesrådmannen rår på dette grunnlaget til at søknaden frå JVB vert imøtekomen.

Universell utforming av rutebussar er lovpålagt. Miljøkrav utover køyretøyforskrifta er ikkje lovpålagt. Fylkesrådmannen rår difor til at OFK vert oppmoda til å setje gjeldande EU-krav til motorteknologi i bussane som eventuelt vert nytta i ruta. Det bør i samsvar med gjeldande praksis oppmodast til å setje vilkår som sikrar at ruta ikkje utfører lokaltransport i Bergen. Av omsyn til framkomsten for den øvrige kollektivtransporten i spesielt Bergen sentrum, bør det vere høve for fylkeskommunen til å kome med pålegg om kva trasé og haldeplassar som skal nyttast i Hordaland.

Fylkesrådmannen finn det også rimeleg å be om at ruta har om lag same sosiale rabattar som ein elles finn innan kollektivtransporten.